

Hafslovatnet Grunneigarlag
Nistevegen
6869 Hafslo



NVE
PB 5091 Majorstua
0301 Oslo

02.10.25

Høyringsvar ifbm konsesjonspliktvrdering Årøy 1 kraftverk

Hafslovatnet Grunneigarlag representerar eigarane av Hafslovatnet, Straumane tom. Sundsholmane i Veitastrondsvatnet.

Grunneigarlaget forvaltar vatnet og auren der, sel fiskekort og tilrettelegg for sportfiske og garnfiske i vassdraget. Det er i dei siste åra lagt ned store ressursar i å kultivere Hafsloauren med mål om å verta eit vassdrag som leverar fiskeopplevingar av beste kvalitet. I tillegg arbeidar laget med grasvekstproblematikken i vassdraget som truar heile vassdraget. Grasvekst problematikken er noko som har vore eit eskalerande problem sidan utbygginga av Årøy vassdraget.

Grunneigarlaget har også sendt inn anmondning om revisjon av konsesjonen for Årøyvassdraget.

Ein ser det som naturleg at vurdering av konsesjonsplikt for Årøy 1 vert sett i samanheng med revisjon av konsesjonsplikt for Årøyvassdraget.

Med helsing

Hafslovatnet Grunneigarlag v/ Olav Bremer